

Kontrollutvalet sin rapport til Senterungdommen sitt landsmøte 2022

Samansetning og mandat

På Senterungdommen sitt landsmøte i 2021 vart Hilde Horpen, Henning Røyneberg og Sara Hamre Sekkingstad vald som medlemmar i kontrollutvalet for 2021-2022. Kontrollutvalet konstituerte seg sjølv, og Sara Hamre Sekkingstad vart vald som leiar.

Kontrollutvalet sitt mandat følgjer av §15 i vedtektene til Senterungdommen:

- 1. Kontrollutvalget består av leder og 2 medlemmer.*
- 2. Utvalget skal foreta en helhetsvurdering av sentralstyrets disposisjoner i forhold til lover, vedtekter, arbeidsplan og budsjett. Videre skal kontrollutvalget ta stilling til om utvalg og komiteer arbeider i henhold til sine vedtekter, økonomiplan og gitte fullmakter.*
- 3. Kontrollutvalget har rett til innsyn i sakspapirer, regnskapsrapporter og andre dokumenter som er nødvendig for å oppfylle utvalgets kontrollfunksjon.*
- 4. Kontrollutvalgets leder eller minst 2 av medlemmene kan sammenkalle til møte. Landsstyret kan også beslutte at møte skal holdes.*
- 5. Kontrollutvalget legger fram sine vurderinger i en rapport til landsmøtet.*

Arbeidsåret

Kontrollutvalet har hatt jamleg kontakt gjennom arbeidsåret, og har hatt fleire møte. Kontrollutvalet hadde arbeidshelg på hovudkontoret i Oslo 8.-9. oktober. Det er gjort intervju av medlemmane i sentralstyret i Senterungdommen, generalsekretær og tilsette i Senterungdommen, medlemmar i landsstyret og generalsekretær i Senterpartiet.

Kontrollutvalet har ikkje blitt kontakta av organisasjonen om konkrete saker gjennom arbeidsåret. Kontrollutvalet har konsentrert seg om følgjande hovudpunkt i årets rapport:

1. Økonomi og administrasjon
2. Medlemssystemet
3. Arbeidspress på tillitsvalde
4. Gjennomgang av tilrådingane frå fjorårets rapport

1. Økonomi og administrasjon

Kontrollutvalet viser til tidlegare rapportar der økonomi og administrasjon har vore eit gjennomgåande tema. Utvalet registrerer at det er skjedd ei positiv utvikling på dette området, og at rutinane knytt til organisasjonen sin økonomi er betra.

Kontrollutvalet tilrådde i fjor at Senterungdommen burde gå i dialog med rekneskapsfunksjonen, og utarbeide nye og betre rutinar for økonomioppdateringar og rekneskapsføring. Det vart òg tilrådd at det i starten av kvart arbeidsår bør det sendast ei tydeleg bestilling til rekneskapsfunksjonen om kva datoar Senterungdommen må ha mottatt oppdaterte tal, slik at skriftlege økonomirapportar kan sendast ut med sakspapira.

Kontrollutvalet merkar seg at sentralstyret og generalsekretær har tatt tak i situasjonen og har i dialog med Senterpartiet arbeida for å få på plass betre rutinar. Kontrollutvalet merkar seg likevel at det framleis kan vere tidkrevjande å få svar på spørsmål knytt til økonomi og at det framleis er noko etterslep i føring av Senterungdommen sine fysiske bilag.

Kontrollutvalet vil uttrykke bekymring over at det ikkje utsendt skriftlege rekneskapsrapportar i forkant av sentralstyremøta. Oversikt og rapportar om økonomi har i staden blitt framlagt i møta.

Kontrollutvalet merkar seg at Senterungdommen har eit anna oppsett knytt til budsjett og rekneskap enn Senterpartiet har, og at dette krev mykje manuelt ekstraarbeid for generalsekretær i Senterungdommen i forkant av rekneskapsrapporteringane. Kontrollutvalet tilrår at Senterungdommen vurderer eit anna oppsett for budsjett og rekneskap, som lettar det manuelle ekstraarbeidet for generalsekretær.

Kontrollutvalet viser vidare til at utvalet i tidlegare rapportar har peika på at kontorfunksjonen til Senterungdommen er sårbar grunna stor arbeidsbelastning, få tilsette og oppgåver som avhenger av enkeltpersonar. Oppgåvene har auka i takt med høgare aktivitetsnivå og auka oppslutnad, utan at kontoret er styrka med ressursar. Generalsekretærfunksjonen er spesielt sårbar på grunn av det særlege ansvaret og oversikta vedkommande har knytt til mellom anna økonomi.

Kontrollutvalet vil påpeike at det er viktig å ha gode rutinar og retningslinjer for arbeidet som vert utført av ressursane på kontoret, for å sikre gode overgangar ved nyttilsettingar eller ved fråvær.

Kontrollutvalet har gått gjennom alle innkallingar og sakspapir. Kontrollutvalet finn at nokre innkallingar er sendt etter fristen og at nokre sakspapir vert ettersendt, men at innkallingar og sakspapir i stor grad er sendt ut i tråd med fristane i vedtektene.

Kontrollutvalet sine tilrådingar:

- a. Senterungdommen vurderer eit anna oppsett for budsjett og rekneskap, som lettar det manuelle ekstraarbeidet for generalsekretær.

2. Medlemssystemet

I 2021 blei kontrollutvalet kontakta av organisasjonen med ei bekymring om at medlemssystemet ikkje vore oppdatert og at det var vanskeleg å få ei oversikt over medlemmane i lokal- og fylkeslaga.

Kontrollutvalet tilrådte at Senterungdommen gjennomgjekk rutinane for oppdatering av medlemssystemet, og utarbeida retningslinjer for opplæring av nye fylkesleiarar og lokallagsleiarar.

Det er viktig at medlemssystemet til ein kvar tid er oppdatert og oversiktleg. Det er det viktigaste verktøyet for å ha oversikt over kven som er medlem i organisasjonen og for å ha kontakt med medlemmane i lokallag- og fylkeslaga. Eit oppdatert system lettar arbeidet for lokallags- og fylkesleiarane, då dei enkelt kan ta kontakt og sende informasjon til medlemmane via systemet.

Kontrollutvalet merkar seg at det er tatt grep med opplæring av fylkesleiarane, men at det framleis er rom for forbetring. Kontrollutvalet får tilbakemelding om at fylkesleiarane framleis opplever at det er skilnad på tal på medlemmar fylkesleiarane får opp og det kontoret får opp.

Kontrollutvalet har merka seg at det har vore utfordringar knytt til innmelding av nye medlemmar, og særleg knytt til SMS-innmelding. Det er viktig at Senterungdommen har gode rutinar og system for innmelding av nye medlemmar, slik at personar som ønskjer å vere medlem i Senterungdommen følgt opp og blir meldt inn.

Kontrollutvalet vil difor tilrå at Senterungdommen gjennomgår rutinane for oppdatering av medlemssystemet, og rutinane for innmelding av nye medlemmar.

Kontrollutvalet si tilråding:

- b. Senterungdommen gjennomgår rutinane for oppdatering av medlemssystemet, og rutinane for innmelding av nye medlemmar.

3. Arbeidsbelastning på tillitsvalde

Kontrollutvalet påpeika i 2021 at det var høgt arbeidsbelastning på dei tillitsvalde i organisasjonen, og at arbeidsbelastninga særleg var større enn venta på varamedlemmane.

Tilbakemeldingane til kontrollutvalet er at arbeidsbelastninga har vore mindre i 2021-2022 samanlikna med 2020-2021, og at det er har vore arbeida med å dempa presset på sentralstyremedlemmane.

Kontrollutvalet vil likevel påpeike at arbeidsbelastninga særleg på leiar er svært høg, og det vert stilt store forventningar til både reiseverksemd, medlemsoppfølging og politisk påverknad. Kontrollutvalet tilrår at arbeidsutvalet og sentralstyret drøftar forventningar og fordeling av arbeidsoppgåver i starten av arbeidsåret.

Kontrollutvalet sine tilrådingar:

- c. Arbeidsutvalet og sentralstyret drøftar forventningar og fordeling av arbeidsoppgåver i starten av arbeidsåret.

4. Oppfølging av tilrådingane frå fjorårets rapport

Kontrollutvalet sin rapport for 2021 tok for seg økonomi og administrasjon, medlemssystemet og arbeidspress på tillitsvalde. Kontrollutvalet viser til at utvalet sin rapport har vore tema på alle sentralstyremøta, og at det har skjedd ei positiv utvikling.

Kontrollutvalet ser likevel at det framleis gjer seg gjeldande nokre utfordringar knytt til desse tema, og viser til vurderingane i punkt 1-3 i årets rapport.

Oppsummering

Kontrollutvalet merkar seg at det jamt over blir arbeida godt i organisasjonen, og at det har vore ei positiv utvikling knytt til tema som kontrollutvalet har tatt opp i rapporten over tid.

Senterungdommen har i stor grad gjennomført arbeidsplanen, og arbeider i samsvar med vedtektene.

Kontrollutvalet sine samla tilrådingar:

- a. Senterungdommen vurderer eit anna oppsett for budsjett og rekneskap, som lettar det manuelle ekstraarbeidet for generalsekretær.
- b. Senterungdommen gjennomgår rutineane for oppdatering av medlemssystemet, og rutineane for innmelding av nye medlemmar.
- c. Arbeidsutvalet og sentralstyret drøftar forventningar og fordeling av arbeidsoppgåver i starten av arbeidsåret.

Vi vil avslutte med det mest brukte sitatet gjennom kontrollutvalet sitt arbeidsår:

«*Nice, nice*»